

ÅRSMELDING og Rekneskap



SYKKYLVEN
ENERGI AS

2014

Merkeår

- 1918** Straumlevering frå kraftstasjonen på Riksheim starta
- 1942** Tappetunnelen frå Storevatnet klar
- 1947** Generator 1 i Riksheim Kraftstasjon sett i drift
- 1952** Ramstaddal og Søvikdal får elektrisk kraft
- 1958** Generator 3 i Riksheim Kraftstasjon sett i drift
- 1962** Innfasing mot Tussa kraft over Sykkylven sekundærstasjon på Haugseth
- 1983** Ramstaddal Kraftstasjon sett i drift
- 1992** Fjerning av siste rest med 7,5kV nett i Hundeidvik
- 1997** Ny inntaksluke på Riksheim
- 1998** Everket fyller 80 år og selskapet vert omdanna til aksjeselskap (Sykkylven Energi AS)
- 1999** Nytt kontrollanlegg og koplingsanlegg i Sykkylven transformatorstasjon
- 2002** Overtaking av VAR-området frå Sykkylven kommune
- 2003** Bygging av Riksheimdalen Kraftstasjon - Bygging av silanlegg i Ullavik. Vassverket vart godkjent etter drikkevassforskrifta
- 2004** Bygging av silanlegg på Vik
- 2005** Ny miljøstasjon opna på Jarnes
- 2008** Vedteke å delta i Ålesundsregionen interkommunale miljøselskap (ÅRIM)
- 2011** Fiberutbygging vedtatt og i gangsett. Kunde-kortsystem innført på miljøstasjonen. ÅRIM overtok ansvaret for innsamling av hushaldningsavfallet i Sykkylven kommune
- 2012** Dei første *Fiber Til Heimen*-kundane vart tilknytt
- 2013** Bygging og driftssetting av Nye Riksheim Kraftverk
- 2014** Transformatorstasjonen på Heiane spenningssett. Fornyng av VA leidningsnett

Framsidedfoto: Tommy Rasmussen
Grafisk produksjon: Atema - www.atea.no

Innhold

Introduksjon av selskapet.....	3
Organisasjon	3
Administrerende direktør har ordet	4
Presentasjon av forretningsområda.....	5
Produksjon av straum.....	5
Distribusjon av straum	6
Fibernet	8
Vassforsyning, avløp og renovasjon	9
Økonomi-/administrasjons-/kundeavdelinga	11
Nøkkeltal	12
Styret si melding	13
Økonomi	13
Eldistribusjon og kraftsal	13
Vatn, avløp og renovasjon	13
Produksjon i egne kraftstasjonar	14
Fiber.....	14
Anna	14
Arbeidsmiljø og likestilling.....	14
Forsking og utvikling.....	15
Ytre miljø	15
Generelt	15
Disponering av årsresultat	15
Revisor si melding	16
Resultatrekneskap	17
Balanse.....	18
Notar til rekneskapen	20
Kontantstraumoppstilling	29
Samfunnsrekneskap	30
Oversikt styret og tilsette	31

Introduksjon av selskapet

Sykkylven Energi AS (SE) vart etablert i samband med bygginga av kraftstasjonen på Riksheim. Straumleveringa frå eige verk tok til den 22. januar 1918, og år 2014 var såleis selskapet sitt 97. år i drift. Hausten 1997 vedtok Sykkylven kommunestyre å omorganisere selskapet til eit aksjeselskap.

SE eig og driv tre kraftstasjonar, ein i Ramstaddal og to på Riksheim. Forsyninga av konsesjonsområdet er sikra gjennom tilknytning til samkøyringsnettet via den nye transformatorstasjonen på Heiane.

I 2002 overtok SE ansvaret for drift av vatn, avløp og renovasjon frå Sykkylven kommune.

I 2011 blei eit nytt forretningsområde grunnlagt ved at det blei starta utbygging av fiber i Sykkylven kommune.

I 2013 og 2014 har det vore etablert og investert store beløp i samfunnsskritisk og framtidssretta infrastruktur. Ny 22 kV forsyning frå Heiane Transformatorstasjon og ny kraftstasjon på Riksheim er dei 2 største enkeltprosjekta i selskapets historie.


ORGANISASJON

SE er 100% eigd av Sykkylven kommune og er registrert som eit aksjeselskap.


Styret har 7 medlemmar. Av desse er 5 oppnemnt av generalforsamlinga (kommunestyret) og 2 er arbeidstakarrepresentantar. Dagleg leiar møter på styremøta, men er utan stemmerett. Avdelingsleiar Distribusjon er "ansvarleg driftsleiar" godkjent av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.

Elsikkerhet Møre AS koordinerer aktiviteten med tilsyn av dei elektriske anlegga. Selskapet blei stifta 1. oktober 2002, og har som hovudoppgåve å utføre dei lovpålagde tilsynsoppgåvene for eigarselskapa. Elsikkerhet Møre AS er eigd av Nordvest

Resultat for Sykkylven Energi AS frå 1998 – 2014:



ORGANISASJONSPLAN SYKKYLVEN ENERGI AS:



Nett, Sandøy Energi, Stranda Energiverk, Sykkylven Energi og Mørenett.

Eit viktig arbeidsmål for SE er utvikling av samarbeidet med andre aktørar i nærområdet, og korleis ein gjennom samarbeid

og spesialisering kan hente ut stordriftsfordelar. Det er etablert samarbeid på ei rekke område, og på andre område er det planar om samarbeid.

Administrerende direktør har ordet

Aldri før har Sykkylven Energi etablert og investert meir i samfunnskritisk og framtidssretta infrastruktur. Trykket har vore stort og kapasiteten har vore nytta meir enn fullt ut. Situasjonen har stilt oss ovanfor tøffe prioriteringar og har utfordra oss på fleire vis. Midt i alle dei store prosjekta, har vi halde fokus på kjerneverksemda; drift, vedlikehald og beredskap. Det står det respekt av, og eg rettar ein stor takk til dei tilsette.

Også i 2014 har det nasjonalt vore fleire hendingar som viser kor avhengige og sårbare lokalsamfunn er av sikker forsyning av straum, vatn og kommunikasjons-tenester. Dette er ei utvikling vi tek med største alvor. I 2014 har vi bygd og driftsatt meir samfunnskritisk infrastruktur enn nokon gong, mellom anna for å sikre forsyninga til næringsliv og framtidige generasjonar. Den nye 420 kV linja, transformatoren på Heiane og det nye 22 kV-nettet som vart satt i drift i mai, gjer at Sykkylven no har ei av dei sikraste og mest robuste straumforsyningane i landet. Prosjektet har hatt ein tverrfagleg prosjektorganisasjon, der eit viktig mål har vore å sjå inn i framtida og vurdere behovet for leidningsfornying, oppdimensjonering og nye anlegg. Prosjektet har vore ein suksess og det har bidrege vesentleg til å styrke forsynings-sikkerheita innan vassforsyning, avløp og kommunikasjon.

Nye Riksheim Kraftverk vart sett i drift seint på hausten 2013. Det nye anlegget, som vil auke årleg produksjon av grøn kraft med 4,5 GWh, har i 2014 hatt sitt første heile driftsår. Anlegget som har kosta 56,5 millionar har produsert stabilt, og vi reknar med at det skal sikre kraft og inntekter i 40-50 år til.

Sjølvsagt om tilsiaget til magasina våre var låg, førte god magasinfylling på landsplan til at

den gjennomsnittlege kraftprisen i 2014 var den lågaste sidan 2007. Den negative pristrenden framover vert ytterlegare forsterka ved at det byggast opp eit kraftoverskot i Norden, finansiert av dei grønne sertifikatene.

Inntektsramma gjekk i 2014 vesentleg ned, samanlikna med 2013. Dette påverkar resultatet negativt, og reduserer avkastninga vi oppnår på nettkapitalen. Mykje prosjektarbeid bidrog positivt til resultatet saman med lave pensjonskostnader. Når vi tek omsyn til desse faktorane, leverer selskapet eit godt resultat i 2014.

I EL-bransjen diskuterast det korleis kraftselskapa best kan imøtekome aukande krav til effektiv drift og forsyningstryggleik, slik som samfunnet krev. Våren 2013 sette regjeringa ned eit ekspertutval, leda av Eivind Reiten, som fekk i oppdrag å drøfte kva som er ei framtidssretta organisering av bransjen, samt foreslå tiltak. Rapporten "Eit betre organisert straumnett" vart overlevert olje- og energiministeren Tord Lien i mai 2014. Som venta var konklusjonen i rapporten at nettstrukturen er for fragmentert, og det vart foreslått ei rekke tiltak. Eit av tiltaka var eit krav om å skilje kraftproduksjon og nettverksemd i ulike juridiske einingar, og etablere tette skott mellom desse. Dette vil både fordyre drifta og gjere det utfordrande å hente ut samordningsvinstane vi i dag har. Om tilrådingane i rapporten vert vedtekne, vil ein nok sjå ei kraftig sentralisering av personell og kompetanse innan bransjen, mot dei store selskapa. Ei slik utvikling kjem og til å påverke beredskapen negativt.

Sykkylven Energi har dei seinaste åra hatt ein av dei lågaste nettleigesatsane i fylket, både for hushaldskundar og næring. I strukturdebatten blir lågare nettleigesatsar brukt som eit viktig argument for å slå sa-



man små selskap til større einingar. I Sykkylven vil ei samanslåing med dei større energiverka i fylket, føre til auka nettleige for kundane!

Sykkylven Energi har eit strategisk hovudmål om lokalt eigarskap og selskapet skal vere ein viktig bidragsytar i samfunnsutviklinga. For å møte forventningane og dei tøffare rammevilkåra, har vi fokus på å utvikle samarbeidsrelasjonane mot andre lokale energiselskap, vassverk og kommunar. Forpliktande samarbeid har som mål å sikre ei effektiv drift med god beredskap, auke kompetansen og redusere sårbarheita. Som ein liten aktør, meiner eg at dette vert avgjerande i tida som kjem.

Trond T. Lauritsen
Adm. direktør

Produksjon av straum

Sykkylven Energi har følgjande tre produksjonsanlegg:

Riksheim Kraftstasjon	2013
Ramstaddal Kraftstasjon	1983
Riksheimdal Kraftstasjon	2003

Alle tre kraftstasjonane våre er magasinverk, dvs at produksjonen er basert på eit vassmagasin og har ein produksjon som kan regulertast uavhengig av nedbør og tilsig av vatn. I Riksheimdalen er det Storevatnet som er magasin for Riksheim Kraftstasjon og Riksheimdal Kraftstasjon, medan Årsetvatnet er magasin for Ramstaddal Kraftstasjon.



Jens Kåre Blakstad,
avdelingsingeniør og ansvarleg fiber

Mange småkraftverk som vert bygd i dag er elvekraftverk, med inntak rett frå elveløpet. Desse produksjonsanlegga er avhengige av vassføringa i elva og kan ikkje produsere fritt i forhold til årstid, kraftpris eller problem i linjenettet (beredskapssituasjon).

Riksheim Kraftstasjon har produsert grøn kraft på 4,57 GWh i 2014. Dette er ei auke på fornybar kraft på 22,1 % og vi er tildelt grønne sertifikat for dette. Den nye rørgata er sprengd ned i fjell. Dei gamle røyra, som tidlegare var godt synlege, er fjerna. Anlegget som har kosta om lag 56 millionar, skal sikre kraft og inntekter i 40-50 år.

AKTIVITET

Samla produksjon ved kraftstasjonane var i 2014 på 41,5 GWh, mot eit snitt på 44,5 GWh dei siste åra. Nedgangen skuldast noko lågare tilsig av vatn. Høg magasinbefylling på landsplan førte til at den gjennomsnittlege prisen i 2014 var lågare enn tidlegare år.

DRIFSAVVIK


I november og desember hadde Riksheim Kraftstasjon noko redusert produksjon grunna skader på utstyr etter lynnedslag. Ein erfarer at det kan vere lang leveringstid på nokre av komponentane i stasjonen. I siste halvdel av desember hadde Ramstaddal Kraftstasjon ein feil og var ute av drift i om lag 2 veker. For Riksheimdal har det ikkje vore tekniske problem av noko slag, her er det utført vanleg vedlikehaldsarbeid.

Ut over dette har det vore dykkarar ned og reinska inntaket til rørgata i Storevatnet i løpet av sommaren 2014.

Produksjon ved Sykkylven Energi sine anlegg:


	Riksheim Kr.St. [GWh]	Riksheimdal Kr.St. [GWh]	Ramstaddal Kr.St. [GWh]	SUM [GWh]
2005	25,1	24,4	3,7	53,1
2006	18,9	16,2	3,0	38,1
2007	25,6	27,2	4,6	57,3
2008	21,7	20,4	3,6	45,7
2009	20,9	20,9	3,8	45,7
2010	16,3	15,5	2,7	34,5
2011	23,1	21,5	3,8	48,5
2012	21,2	22,2	1,4	44,8
2013	17,4	15,4	2,9	35,7
2014	21,5	17,7	2,4	41,5
Snitt	21,2	20,1	3,2	44,5

Sum produksjon 2005–2014:



PRIVATE KRAFTVERK

Dei tre private produsentane som leverer til vårt nett, Brunstad Kraft, Drivdal Kraft og Hatlemark Kraft, har i 2014 hatt ein samla produksjon / innmating på 11,3 GWh.



Distribusjon av straum



Halvard Hjorthol, avd.leiar EL

Forbruket i 2014 viser ein nedgang i forbruket i forhold til 2013 på 8,84 %. Nedgangen tilsvarer om lag 11 000 MWh som igjen tilsvarar normalforbruket til om lag 550 husstandar.

Vi har for feilstatistikken for 2014 endra rapporteringmåte frå antall avbrot og KILE kostnad til antall kundeavbrot og KILE kostnad. I 2014 var det i hovudsak 2 store avbrot som utgjorde omlag 74% av total KILE kostnad. KILE er omlag 40 % høgare i 2014 sett imot snitt 2008- 2013. Dette er variasjonar ein må forvente, grunna mykje er avhengig av ver, vind og planlagd vedlikehald.

Måten tilstandskontrollen vert utført på gjer at vi har berre høgst nødvendige utkoplingar i nettet. Dette bidreg positivt i KILE rekneskapet.

Leveringsgrad utrekna som en prosentsats basert på forholdet mellom faktisk levert energi og "manglande levering" grunna avbrot, er 99,982% i 2014.

KILE-STATISTIKK

KPI-justert KILE- KOSTNADER	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM AVBROTSKOSTNADAR		
	Andre [antal* / kkr]	Eige nett [antal* / kkr]	Andre [antal* / kkr]	Eige nett [antal* / kkr]	Andre [kkr]	Eige nett [kkr]	Sum alle [kkr]
2014	9250/1277	4128/596	0/0	1610/301	1277	897	2174

Historiske tal berekna på antal avbrot

	Andre [antal avbrot / kkr]	Eige nett [antal avbrot / kkr]	Andre [antal avbrot / kkr]	Eige nett [antal avbrot / kkr]	Andre [kkr]	Eige nett [kkr]	Sum alle [kkr]
2013	1/1560	7/783	0/0	19/127	1560	910	2470
2012	0/0	12/157	0/0	14/134	0	291	291
2011	1/2247	17/412	0/0	37/304	1/2247	716	2963
2010	0/0	05/353	0/0	44/241	0	594	594
2009	0/0	15/121	0/0	28/205	0	325	325
2008	2/2	22/444	0/0	21/147	2	591	593

* = antal rapporteringspunkt = kundeavbrot.

Snitt pr. kunde var i 2014 3 avbrot.

Av større feil og avbrot kan nemnast (KILE-kostnad i kr):

Utfall Statnett 16.03.2014 (Feil i anna nett Statnett)	kr 490 039
Lynnedslag James Ytre	kr 468 287
Tilkobling kabel Tynesstranda	kr 127 124
Feil i 420 kV nett på Sunnmøre (Feil i anna nett Statnett)	kr 787 343

STATISTIKK

Som tabellen under viser aukar lengd kabel medan lengd på luftlinjenettet er stabilt for høgspennettet. Dette er positivt både ut i frå ein driftsmessig og miljømessig synsstad.

STATISTIKK ELEKTRISKE ANLEGG

	HØGSPENTNETT		LAVSPENTNETT		FORDELINGSTRAFOAR	
	Luftlinje [km]	Kabel [km]	Luftlinje [km]	Kabel [km]	Antal [stk]	Inst.yting [kVA]
2014	78,11	111,07	176,28	218,94	229	75035
2013	77,03	88,12	176,28	223,72	226	73005
2012	77,03	84,22	173,00	217,11	227	73190
2011	77,48	83,71	175,18	216,31	224	71675
2010	77,49	83,51	178,27	213,47	226	72420
2009	77,49	82,71	176,75	211,05	224	70985
2008	77,7	81,3	176,7	208,4	221	69550

INVESTERING / DRIFT

Arbeidet med tilstandskontroll har fortsett i 2014. Arbeidet er for å sikre at våre anlegg tilfredsstiller krav i lov og regelverk og for å gi ein sikker og god straumtilførsel. Kontrollen er systematisk med årleg, 5 årleg og 10 årlege intervall.

Arbeidet i 22kV nettet, som ein følgje av Statnett si utbygging av 420kV linje med ny trafostasjon, er i 2014 langt på vei slutført. Vi har riving av 9 km sentrumsnær 22kV luftlinje, kryssing av Sykkylvsfjorden og endringer i nedlagde Sykkylven trafostasjon Haugset igjen.

Det er og utført mykje arbeid i samband med fiberutbygginga i sentrumsområda.

Det har blitt utført arbeid på følgjande større anlegg:

- Utbygging i samband med ny 420 kV trafostasjon
- Ombygging nettstasjon Europrofil
- Tilstandskontroll på utvalte anlegg
- Utskifting av veglys til LED.

VEGLYS 2014

Frå 2016 vil kvikksølvdamplamper ikkje lenger vere å få kjøpt. I den samanheng har det vore utskifta om lag 500 veglysarmaturer med denne type lampe til Led armaturer. Led armaturen har ei levetid på 12-15 år og har eit forbruk på under 20% av kvikksølvdamplamper. Utover dette har det berre vore utført ordinært vedlikehald.

STRAUMABONNEMENT OG FORDELING PÅ KUNDEGRUPPER MED ÅRSFORBRUK OG NETTLEIGE

2014	Antal abonnentar	% fordeling	Årsforbruk MWh	Nettleige i kkr	% fordeling
Fritidsboliger	474	11 %	2 698	1 284	5 %
Husholdning og jordbruk	3 496	77 %	52 546	15 038	56 %
Mindre næring med effektmåling	5	0 %	924	164	1 %
Mindre næring, kun energimåling	404	9 %	18 680	4 574	17 %
Næring (200 - 1000kW)	26	1 %	19 367	3 439	13 %
Næring (> 1000kW)	5	0 %	11 559	1 574	6 %
Utkoblbart forbruk	22	0 %	7 558	674	3 %
Gate - /veglys	79	2 %	939	167	1 %
Sum	4511	100 %	114 272	26 915	100 %



Fotograf: Tommy Rasmussen

Fibernet

Sykkylven Energi AS har gjennom fleire år førebudd ei utbygging av fiberbasert infrastruktur gjennom å legge trekkerøyr i opne grøfter. I tillegg har det til private bustadhus i stor grad blitt nytta inntakskablar med røyr for fiberkabel integrert i kabelkonstruksjonen. Vi har no kome så langt i stamnettutbygginga at vi reint teknisk kan ha eit tilbod om fiber til alle heimane i området frå Tynes til Ørsneset og på Sørestranda frå og med James og til Straumen bru i Straumgjerde. Området er avgrensa mot aust omtrent ved Andestadvatnet.

Sykkylven kommune har gitt Sykkylven Energi AS løyve til å nytte delar av teknisk bygg tilhøyrande Sørestranda skule. Bygging av noden på Ikomnes vart ferdigstilt i november og 34 kundar ved Jamesodden burettslag er no forsynt herifrå.

Fiberstamnett i samband med 420 kV prosjektet til Statnett

Gjennom heile 2013 og 2014 har Sykkylven Energi AS bygd nytt 22 kV forsyningsanlegg frå Heiane til Haugset og frå Heiane til Vik, Tynes, Haugneset og til Sykkylvsbrua. I desse traseane er det lagt ned røyr for stamfiberkablar. Parallelt med stamfiberrøyr i høgspenetraseane så har det vorte grove ned FTH - røyr til dei eigedomane som grensar til røyrtraseen. I

den nye nettstasjonen på Vik er det oppretta node for fiberelektronikk som skal forsyne fiberkundar der med kommunikasjon. Arbeidet med legging av fiberrøyr i høgspenetraseane til dei ulike formåla har føregått gjennom heile 2014 og er i avsluttande fase ved årsskiftet 2014 -2015.

Fiberstamnett

Arbeidet med fiberstamnettet frå Riksheim til Straumgjerde har på grunn av ein van-skeleg entreprenørsituasjon vorte flytta til 2015.

Fiber til heimane i Vikedalen

I mai starta innsal til bebuarane i Vikedalsområdet. Om lag 170 avtalar vart teikna og utbygginga vart igangsett hausten og fortsatt til over nyttår.

FTH, fiber til heimen og næringskundar, status

Det har tidlegare vore ei aukande interesse for fiber til heimane frå heile kommunen og vi har daglege kontakt med kundar som ønskjer fiber. Vi registrerer at næringskundane har lågare terskel for å nytta seg av fibertilbodet. Arbeidet med å legge til rette for framtidige fiberkundar i alle kundegrupper har i 2014 vore ein viktig del av fibersatsinga, og ein vil ha fokus vidare på dette arbeidet.



Jens Kåre Blakstad,
avdelingsingeniør og ansvarleg fiber

Våre samarbeidspartar på fiber i perioden


NextGenTel og PC Support AS har i 2014 vore våre prefererte samarbeidspartnarar for innhaldtenester over fiberen. Vi har eit tett samarbeid med desse i vidareutvikling av tilbodet på fiber og tenester som vert levert på fiber. Utover eigne resursar så har Relacom vore vår leverandør som utførande entreprenør i prosjektet Vikedalen, og tilknytning av enkeltkundar frå tidlegare utbygde områder.

Fiberaktivitetar, generelt

I 2014 har det vore jamt tilsig av nye FTH kundar frå pilotområda og frå Aurelia som tidlegare ikkje har bestilt fiber. I løpet av året har 34 nye kundar frå desse områda vorte løpande tilkopla. Nokre få næringskundar har også vorte tilkopla i 2014.



Bildet viser eksempel på nedgraving av fiberrøyr i felles trase med El og vatn.



Bildet viser FTH prosjektområde Vikedalen.

Vassforsyning, avløp og renovasjon

INVESTERINGAR:

2014 har vore prega av høg aktivitet. Ein vesentleg del av dette gjeld synergiprojekt med EL distribusjon knytt til omlegging av høgspennettet. Dette har resultert i nye framtidsretta anlegg i fleire sentrumsnære områder i Sykkylven. I tillegg har vi hatt samarbeidsprosjekt med vegvesenet i samband med opprustning av biloppstillingsplassar ved ferjekaien på Ørsneset.

Ei av dei større utbetringane er separering av gamle fellesleidningar for avløp i Vikedalen og Høgebøane. Her har 700 meter med gammal leidning blitt fornya og separert. Avløp frå 150 bustader i området går no til silanlegget på Vik.


Ei anna stor fornying er vassleidning i Kyrkjevegen, frå Vikelva til Styrkabakken, der det er skifta ut ca 600 meter med gamle støypejernsrør.

Andre utbetringar og nyanlegg gjennomført i 2014 er separering av fellesleidning og utskifting av vassleidning med nye brannkummar i Helledalen. Det er lagt nye avløpsleidningar i Blindheimsvegen og på Øvre Tynes. Det er også lagt nye vass- og avløpsleidningar og bygd slamavskiljar på Ørsneset.

Samla investering innan vassforsyning var på kr. 5 737 000, avløp kr.14 915 000 og avfall kr.101 000. Sistnemnde var knytt til tiltak ved miljøstasjonen.


Oversikta nedanfor viser investeringar innan VAR området 2002 – 2014:

Investeringar 2002 – 2014:



Oversikta nedanfor viser utvikling i talet på feil og tilhøyrande reparasjonskostnader:

Driftsavvik VA 2002 – 2014:



Ivar Selsbakk, avd.leiar VAR

I tillegg har det m.a. vore arbeidd med prosjektering av avløpsanlegg frå Aureelva til Ullavika, ny beredskapsplan og hovudplan for vassforsyning, VA norm samt utarbeiding av VA plan for Nysæterområdet.

DRIFT OG VEDLIKEHALD:

Det har vore svært få feil på vassleidningsnettet i 2014. Vi har hatt 3 vasslekkasjar som er utbetra. I tillegg har vi hatt havari på ein reguleringsventil ved vassbehandlingsanlegget på Årset.

Ved avløpsnettet har vi hatt 7 hendingar med tilstopping eller lekkasje. Det største driftsavviket var knytt til lekkasje på ei avløpsleidning på Hellen. Store nedbørsmengder førte til tilstopping og lekkasje på leidninga og dermed skade på gangvegen som ho låg i. Leidninga måtte skiftast og gangvegen utbetrast over ei lengde på om lag 120 meter.

I tilknytning til "Heiane prosjektet" og bygging av avløpsleidning frå Nakkegata mot Kyrkjevegen, så gjekk ei leidning gjennom Kyrkjevegen tett med tilhøyrande utbettringsarbeid. Dette inngjekk i Heiane prosjektet, då gravearbeidet i området var ei medverkande årsak til feilen.

Det har vore gjennomført kontroll av om lag 282 vassverkkummar. Det har vore utført spyling av heile vassleidningsnettet så nær som strekninga Årset - Lyshol. Høgdebassenga på Lyshol, i Vikedalen og vassbehandlingsanlegget på Årset har vore reingjort. Periodisk reingjering av avløpspumpestasjonar har gitt meir stabil drift.

Det er fokus på at vass- og avløpsgebyra skal harmonisere mest muleg med faktisk


forbruk. Derfor vert det lagt opp til at flest muleg skal ha vassmålar og betale etter målt forbruk. Ved årsskiftet så hadde vi 874 vassmålarar og auken i 2014 var på 188 stk.

Vinteren 2013/2014 vart det gjennomført tiltak ved miljøstasjonen for å sikre mest muleg rett veking av avfallsmengder. Dette har gitt positivt resultat og eliminert mulige feilkjelder.

FONDS:

Oversikta nedanfor viser fondsutvikling. Innan vassforsyning har fondet auka med om lag kr. 853 000 til kr. 3 975 000. For avløp har fondet blitt redusert med ca. kr. 546 000 til kr. 4 998 000. For avfall så har fondet auka med ca. kr. 1 187 000 til om lag kr. 1 227 000.

Fondsutvikling VAR 2002 – 2014:



Årsetvatnet. Foto: Arvid Skinnnes

Økonomi-/administrasjon-/kundeavdeling

Selskapet sine funksjonar knytt til informasjon, økonomi, administrasjon og kunde-handtering er samla i ei kundeavdeling.

Kundehandling

Kundeavdelinga har ansvar for kundesenter, avrekning, fakturering og innkreving. Innanfor innkreving har vi eit samarbeid med Kredinor.

Kundesenteret vårt er delt i to einingar, ei som svarer på spørsmål om vatn, avløp og renovasjon, og ei som svarer på spørsmål om nettleige og EL.

Målet vårt er at kundane skal bli godt ivaretekne enten dei kontaktar oss via heimesida vår, på e-post eller på telefon. Vi arbeider kontinuerlig med å betre kunde-handteringssystemet og rutinar for fakturering og innkreving.

Kundeavdelinga har også ansvar for følgjande tenester:

- Kundeweb, kundane logger seg på egne sider
- SMS og e-post frå kundesystemet, varsling ved straumutkoplingar, målaravlesingar og andre meldingar
- E-faktura til bedrifter og private
- Elektronisk meldingsutveksling med installatørar
- Organisering av vassmålarinstallasjon.

Informasjon

Avdelinga har ansvar for mykje av informasjonsarbeidet som skjer i Sykkylven Energi AS. Dette inneber mellom anna ansvar for utvikling av heimesida vår og annan kundeinformasjon, som til dømes kundekalender og SE info. Vi har i tillegg ansvar for utarbeiding av informasjon i samband med straumbrot og andre krisesituasjonar.



Trude Breivik,
Økonomi og administrasjonssjef



Foto: Tommy Rasmussen

Nøkkeltal for 2014

Omsetninga var	kr	73 581 188
Dette gav eit resultat på - driftsresultat	kr	12 483 650
- før skatt	kr	9 013 427
- etter skatt	kr	6 431 208

Brutto investeringar gjennom året:	kr	40 495 013
Anleggsbidrag og tilskot frå kundar	kr	655 492
Netto investeringar gjennom året	kr	39 839 521

Eigenproduksjonen var:	41,5	GWh
Aktive abonnement:	4 511	

Sum levert til sluttbrukarar i Sykkylven	114,3	GWh
Tap i nettet:	5,7	GWh
Totalt transportert i nettet:	120,5	GWh

Tekniske tal:

• Høgspent linjenett	78	km
• Høgspent jordkabel	111	km
• Lavspent linjenett	176	km
• Lavspent jordkabel	219	km
• Tal på fordelingstransformatorar	229	stk
• Samla yting på transformatorar	75 035	kVA

Økonomiske nøkkeltal

	2010	2011	2012	2013	2014
Eigenkapitalandel (EK i % av totalkapital)	38,8 %	42,1 %	42,1 %	34,0 %	43,2 %
Totalkapitalrentabilitet (res. før eop. + finansinnt. i % av gj.sn tot. kap.)	8,9 %	7,3 %	4,1 %	5,8 %	4,7 %
Eigenkapitalrentabilitet (resultat i % av gjennomsnittleg eigenkapital)	13,3 %	18,0 %	4,4 %	8,7 %	6,0 %
Likviditetsgrad 1 (Omløpsmidlar dividert med kortsiktig gjeld eksklusiv fond for meir/mindreinntekt og byggelån)	1,0	1,1	1,0	1,2	0,5

ORD OG UTTRYKK

V	=	volt		
kV	=	kilovolt	=	1000 V = måleining for spenning
A	=	ampere		= måleining for straum
W	=	Watt		
kW	=	kilowatt	=	1000 watt = måleining for effekt
MW	=	megawatt	=	1000 kilowatt
kWh	=	kilowatt-time		
MWh	=	megawatt-time	=	1000 kWh
GWh	=	gigawatt-time	=	1 mill. kWh = måleining for energi
TWh	=	terawatt-time	=	1 milliard kWh

Styret si melding

Sykkylven Energi AS (SE) har ansvar for transport av energi samt ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og renovasjon. SE har 3 eigne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normalår. Frå 2012 har SE også engasjert seg i fiberutbygging, og har bygd ut og leverer fiber i dei sentrale delar av kommunen. Hovudkontoret er lokalisert i Sykkylven kommune. Selskapet har 23 tilsette og er eigd av Sykkylven kommune.

Styret har etter ordinær generalforsamling i 2014 hatt desse medlemmane:

Steinar J. Bakke (leiar), Kristin Grebstad (nest-leiar), Jarle Strømmegjerde, Odd Arne Krüger, Renate Karlsen, Halvard Hjorthol (frå dei tilsette) og Arvid Skinnes (frå dei tilsette).

I 2014 er 48 protokollerte saker handsama og styret har hatt 8 møter. Det er gjennomført eit eigarmøte i tillegg til ordinær generalforsamling og ekstraordinær generalforsamling.

ØKONOMI:

Samla driftsinntekter for SE i 2014 var kr 73.581.188 medan samla driftskostnader var kr 61.097.538. Driftsresultatet vart kr 12.483.650.

Årsresultatet før skatt viser kr 9.013.427 og resultatet etter skatt kr 6.431.208. Styret har ambisjonar om å halde eit godt resultatnivå framover, men grunna låge kraftprisar samt store investeringar, må ein vente noko lågare avkastning i åra som kjem.

SE sin marknadsrisiko er avgrensa. Resultatet frå kraftproduksjonen blir påverka av tilsigssituasjonen og kraftpris. SE nyttar finansielle instrument for å prissikre deler av inntektene frå kraftproduksjonen. Dei finansielle kontraktane handlast på Nasdaq OMX-børsen. SE har i 2014 gevinst frå finansielle sikringskontraktar på kr 93 000. SE er vidare eksponert for valutarisiko som følgje av at oppgjersvalutaen for kraftsalet og for dei finansielle kontraktane er Euro. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle risikoeksponeringa.

SE sin likviditetsrisiko er pr 31.12.14 låg. Selskapet har ei god og langsiktig finansiering. På ekstraordinær generalforsamling 17.11.2014 vart det ansvarlege lånet på MNOK 30 konver-

tert til eigenkapital. Selskapets eigenkapital er ved årsskiftet 43,2%.

Selskapet gjennomfører for tida store investeringar som i hovudsak er finansiert med lån. Selskapet vil då i større grad bli eksponert for endringar i rentemarknaden.

Med ein totalkapital på kr 277.190.822 og ein eigenkapital (inkludert disponert overskott i 2014) på kr 119.627.738, vurderer styret SE si finansielle stilling etter utbytteutdeling som tilfredsstillande.

Brutto investeringar i 2014 utgjorde 40,5 mill. kr. Delar av finansieringa er dekt gjennom anleggsbidrag (0,6 mill. kr). Netto investeringar finansiert av SE var såleis på 39,8 mill. (fordelt med 2,2 mill. innan kraftproduksjon, 20,7 mill. innan VAR-anlegg, 7,7 mill. til el nettet og 7,5 mill til fiberprosjekt. Øvrige investeringar gjeld EDB-anlegg, bilpark og gatebelysning). Det høge aktivitets- og investeringsnivået, vil fortsette i åra som kjem.

Produksjon frå eigne kraftstasjonar er ein viktig bidragsytar til SE sitt resultat i 2014. Vi har gjennom året opplevd nær 20% lågare nedbørsmengder/tilsig enn normalt og vi produserte til saman 41,5 GWh i våre 3 kraftstasjonar. Spotprisen på eigenprodusert kraft vart i 2014 på 26 øre KWh, noko som er 25 % lågare enn gjennomsnittet for perioden 2008-2013. Prisen i Midt-Noreg har i 2014 lagt 1,5 øre/KWh over systemprisen.

Det vert arbeidd med å planlegge fleire mini- og mikrokraftverk i Sykkylven. Styret vil at SE skal vere ein aktiv støttespelar til at planane kan bli realisert og vil at selskapet, der dei er ønska, går inn på eigarsida i lokale kraftverk. Lokal utbygging vil bidra positivt til klimarekneskapet og forsyningssikkerheita i regionen samtidig som den samla nettleiga som kundane i Sykkylven skal betale kan bli redusert.

EL-DISTRIBUSJON OG KRAFTSAL:

Totalt vart det i SE sitt linjennett transportert 120,5 GWh. Tap i nettet var på 5,7 GWh (4,7 % av totalt transportert i nettet). Energi levert til sluttbrukarar i bygda var 114,3 GWh.

Transportert energimengde i nettet og regionalnettleiga har dei siste åra vore nokså stabil. I 2014 vart det henta inn kr. 0,5 mill. mindre enn SE si inntektsramme tillèt. Berekna meirinn-

tekt i balansen pr 31.12.14 er på kr 8,8 mill. Frå 1 januar 2015 sette selskapet ned nettleiga med 1 øre på energileddet i alle tariffane. Sykkylven Energi AS har dei seinaste åra hatt ei av dei lågaste nettleigene for hushaldskundar og næringsliv i fylket.

Kostnader til transport av energi i overliggende nett (nettleige til Tussa Nett AS og til Statnett SF) var på kr 8,7 mill. Dette utgjør 31,2 % av nettleiga til SE sine kundar.

Utgiftene grunna avbrot i elforsyninga i eige nett i 2014 er kr 897 000 (kr 596 000 på grunn av driftsforstyringar og kr 301 000 på grunn av varsla avbrot).

Sykkylven Energi AS har i heile 2014 hatt stor aktivitet knyta til omlegging av høgspennetnettet som ein direkte følgje av at Statnett etablerer ny 420kV linje mellom Ørskog og Sogndal, samt ny transformatorstasjon på Heiane i Sykkylven. Som eit vilkår i Statnetts konsesjon skal Sykkylven Transformatorstasjon på Haugset sanerast. For SE inneber dette ei omfattande omlegging av heile høgspennetnettet i kommunen, i tillegg til at ny transformatorstasjon med koplingsanlegg etablerast på Heiane. Deler av det nye anlegget vart tatt i bruk i mai 2014. Tiltaket vil betre forsyningssikkerheita inn til Sykkylven og internt i kommunen, samstundes som nettet vert meir robust for ver og vind. Prosjektet er det største enkeltprosjektet innan distribusjon av straum i selskapet si historie.

VATN, AVLØP OG RENOVASJON:

Samla inntekter frå gebyr for vatn, avløp og renovasjon var på kr 23 408 253, medan driftskostnadane var kr 21 353 941. Dei akkumulerte positive sjølvkostfonda var pr 31.12.2014 på kr 10 250 850. For vatn vart fondet auka med kr 853 406 til kr 3 975 285, for avløp vart fondet redusert med kr 546 150 til kr 4 998 098. For renovasjon vart fondet auka med kr 1 187 162 slik at samla positivt fond innan dette området pr 31.12.2014 er kr 1 277 466. Positivt bidrag til sjølvkostfonda for alle område vart dermed kr 1 494 418 i 2014.

Frå 1. juni 2011 tok ÅRIM (Ålesundsregionens Interkommunale Miljøseksjon IKS) over ansvaret for innsamlinga av hushaldningsavfallet i Sykkylven og i dei andre 11 eigarkommunane.

Overføring av oppgaver og ansvar knytt til dei lovpålagte oppgåvene innan renovasjon og slamtømming har halde fram i 2014. Ved årsskiftet har selskapet framleis ansvar for drifta av den bemanna miljøstasjonen på James.

Gjennom 2014 er det gjennomført store investeringar innan VA-sektoren. Mykje av desse investeringane er gjennomført i samband med ombygginga av høgspennetnettet og i tett samarbeid med EL-distribusjon. Gjennom prosjektet har selskapet hatt sterkt fokus på å fornye og oppgradere leidningsnett i tilknytning til dei traseane som har vore etablerte. Det er bygd 1945 meter avløpsleidningar, 1455 meter vassleidningar og 1630 meter overvassleidningar.

Standard- og kvalitetshevinga innan VAR-sektoren dei siste åra, er elles eit resultat av oppfølginga av gjeldande hovudplanar. I 2012 vedtok Sykkylven kommune ny hovudplan for avløp for perioden 2012 – 2020. I 2015 vil ny hovudplan for vassforsyning bli vedtatt.

Produksjon i egne kraftstasjoner:

Riksheim kraftstasjon	21,5 GWh
Riksheimdal kraftstasjon	17,7 GWh
Ramstaddal kraftstasjon	2,4 GWh

Sum egenproduksjon 41,5 GWh

Spotinntekta frå 41,5 GWh var 10,9 mill kr, dette gir ein gjennomsnittleg pris på 26,14 øre/kWh eks mva. Utover dette var det ekstrainntekter frå sal av grøn kraft(LEC) og grøne sertifikat på 0,8 mill kr. Det har vore nytta finansielle sikringskontraktar i 2014, noko som ga ein gevinst på kr 93 000.

Nye Riksheim Kraftverk vart sett i drift i slutten av 2013 og anlegget har hatt ein stabil produksjon gjennom heile 2014. Nye Riksheim kraftverk har kosta 56 millionar kroner, og vil gi ei auke i årleg produsert kraft på om lag 4,5 GWh. Produksjonsauken er godkjent for grøne sertifikat.

FIBER:

Utbygging av fiber har halde fram i 2014. Ved utgangen av året har dei aller fleste bedrifter og kommunale lokasjonar mellom Aursnes og Vikøra samt på Ikornnes tilbod om kommunikasjonsløyseing på fiber. Om lag 1100 private husstandar har no same tilbod og nærare 70% har tatt fiberen i bruk.

SE har ein samarbeidsavtale med PC Support for bedriftsmarknaden og med NextGenTel for hushaldskundar.

ANNA:

SE krev på vegne av Enova SF inn ei avgift på

1,0 øre/kWh eks mva gjennom nettleiga. Desse midlane vert av Enova fordelt til ulike tiltak og prosjekt for å redusere energibruken i Noreg.

SE er tillagt ansvaret for tilsynet med dei elektriske anlegga i Sykkylven kommune. Dei seinare åra har arbeidet gradvis gått over til å sikre at anleggseigar gjennom eit fungerande internkontrollsystem sjølv har rutinar for å sikre ein trygg installasjon.

SE kjøper tenester for sitt lokale el-tilsyn frå El-sikkerhet Møre AS. For straumkundane, er slike tilsyn gratis.

ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING:

Arbeidsstokken i selskapet er stabil og ved rekneskapsåret sin utgang var det i alt 23 tilsette som utførte 23 årsverk, 6 kvinner og 17 menn. SE har hatt ein lærling i 2014.

Det er lagt til rette for at begge kjønn kan tilsetast i alle stillingar ved SE, og under elles like føresetnader vert kvinner prioriterte ved tilsetting på driftsavdelinga. I styret er det 2 kvinner og 5 menn.

SE har to verneombod, den eine er valt til hovudverneombod. SE er medlem av Sykkylven



Bedriftshelseteneste. Sjukefråveret var i 2014 på 7,2 %. Det har ikkje vore fråværsnader i 2014 og arbeidsmiljøet vert vurdert som godt.

Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). SE sine netto pensjonsmidlar er aktuarberekna til å vere på kr 618 304. Beløpet er rekneskapsført. Endringar i parameter for berekning av framtidige pensjonsforpliktingar gjer at den ikkje rekneskapsførde delen av forpliktingane veks. Dette vil kunne gi høgare årlege pensjonskostnader i åra som kjem.

SE er medlem i «KS Bedrift» - ein arbeidsgjevar- og næringspolitisk interesseorganisasjon for bedrifter eigd av kommunar og fylkeskommunar.

FORSKING OG UTVIKLING

Selskapet har for tida ingen større pågåande forskings- og utviklingsprosjekt i eigen regi. SE deltar i 3 ulike bransjespesifikke FOU prosjekter, og har i 2014 bidrege med kr 94 000.- til desse.

YTRE MILJØ:

SE er underlagt ulike myndigheiter når det gjeld vern av det ytre miljø og selskapet arbeider kontinuerleg for å redusere utslappa til det ytre miljøet.

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Likevel påverkar utbyggingar det ytre miljøet. Energiproduksjon og -distribusjon som skjer i regi av SE må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. I Sykkylven har vi i dag over 60 % av straumnettet lagt som jord- og sjøkabel, noko som er godt over landsgjennomsnittet og andre selskap omkring oss. Eit anna døme er prosjektet på Riksheim Kraftverk, der den nye rørgata ble sprengt ned i fjell.

SE drifrar dei offentlege avløpsanlegga i kommunen. I den nye hovudplanen for avløp er det ei overordna målsetting at tilknyttinga til hovudreinseanlegga skal aukast og alle ureinsa utslipp skal sanerast i perioden fram mot 2020. Reinsekrava i avløpsforskrifta skal oppfyllest og utsleppa skal ha akseptabel resipientpåverkan.

GENERELT:

Styret vurderer at vilkåra for framleis drift for selskapet er til stades, og årsrekneskapen for 2014 er sett opp under denne føresetnaden.

SE har arbeidd for å ha godt samarbeid med andre energiverk i området. Viktigaste sam-

beidspartar har vore Ørskog Energi, Nordvestnett, Mørenett og Stranda Energiverk. I 2012 vart det inngått avtale mellom 11 nettselskap i Møre og Romsdal, om å skipe selskapet Smart Straum Nordvest. Selskapet bistår eigarane med kompetanse og system for å sikre ei vellykka innføring av AMS i kvart nettselskap.

Det er elles etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer. Dei fleste energiverk i fylket er med i innkjøpssamarbeidet, og det er gjennom stort volum oppnådd gode vilkår. SE vil arbeide for det vert etablert liknande innkjøpsordningar for forretningsområda vatn, avløp og renovasjon.

DISPONERING AV ÅRSRESULTAT

I 2014 er det utbetalt 1.053.000 kr i renter på ansvarlig lån.

I tillegg foreslår styret følgjande disponering av overskotet etter skatt på kr 6 431 208 for 2014:

- kr 11 000 000
vert utbetalt som utbytte til eigar.
- kr - 4 568 792
vert ført fra annan eigenkapital.

Styret for Sykkylven Energi AS, 23. april 2015

Steinar Johan Bakke
Styreleiar

Kristin Grebstad
Nestleiar

Jarle Strømme
Styremedlem

Odd Arne Krüger
Styremedlem

Renate Karlsen
Styremedlem

Halvard Hjørthol
Styremedlem

Arvid Skinnos
Styremedlem

Trond T. Lauritsen
Adm. dir.

Generalforsamlinga i

Sykkylven Energi AS
6230 Sykkylven

MELDING FRÅ REVISOR 2014

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven Energi AS som viser eit overskot på kr 6.431.208. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, oppstilling over resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslovas reglar og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna internasjonale revisjonsstandardar fastsette av International Auditing and Assurance Standards Board. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

Side 2/2

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Sykkylven Energi AS per 31. desember 2014 og av selskapets resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslovas reglar og god regnskapsskikk i Norge.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, og føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

